


Kyrkjeblad

for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 1 - 2014 - 73. årgang



Salme nr. 832 i den nye salmeboka. Tekst: Erik Bye, tone: Henning Sommerro

Jeg synger meg en blå, blå salme
når dagen svinger hatten til farvel
og ror med sakte åretak mot strender
dit alle dager ror når det blir kveld.

Da søker jeg min hvile
ved treets trygge rot
mens sankthansormer gløder grønt
i gresset ved min fot.
Da synger jeg min salme.

Jeg synger meg en blå, blå salme
og takker for all grøde som ble min.
For lyse døgn, for barneskritt i tunet
og dine gode kjærtign mot mitt kinn.

Men øg for våkenetter
som aldri unte ro
men gav min dag et dunkelt drag
jeg aldri helt forsto.
Nå synger jeg min salme.

Jeg synger meg en blå, blå salme
til deg, du Hånd som sanker og som sår
og senker deg med signing over jorden
med legedom for alle våre sår.
Som byr oss rette ryggen
stå opp og gå i strid.
med løftet hode skal hver sjel
gå inn i Herrens tid.
Så synger jeg min salme.



”Ved å leggje ting bort, ordnar mykje seg av seg sjølv...?”

Inspirert av Morten Schakenda ved Bakeriet i Lom og boka ”Å be i livets pulsslag” av Willi Lambert

Du har sikkert høyrt ”Gjer ikkje i morgen det du kan utsette til i overmorgen!” Vi smiler, kjenner igjen oss sjølve eller andre, og kanskje dukkar det opp ein frustrasjon eller to...

Samtidig er det ei erfaring som seier ”Ved å la ting liggje, ordnar mykje seg av seg sjølv”. Er det slik, eller er dette berre unnasniking og fråskriving av ansvar?

**Og er det ikkje også slik at vi av og til tek for mykje ansvar på feil område?
Snur ting på hovudet og gløymer at det er vi som «er med Pappa på jobb» og ikkje omvendt...? Så lett å gløyme at vi trur på ein skapande Gud, som stadig inviterer oss til å samarbeide ☺**

Vi kjem i staden fort i sentrum for all aktiviteten, og dei som må ordne opp. Gjerne med bankande hjarto og sterke ønskje om å tvinge alt og alle fram til endring og modning. Dette kan vere relasjonar ein står i, konfliktar, menneske ein er glad i... Samtidig ber mange på smerte over at eige og andre sine liv ”står i stampe”. Og som born av vår tid har vi lært å tru på at alt både kan og skal skje raskt og effektivt.

Har du laga potetmjølsjamning nokon gong? Tatt ei skei potetmjøl i eit glas, fylt opp i kaldt vatn og rørt rundt. Av og til kan livet vere omrent like uklart, uoversiktleg og grumsete. Og vi prøvar febrilsk å finne klårleik – ved å røre rundt i glaset eller fjerne korna med pinsett... Om vi derimot let eit glas med potetmjølsjamning få stå i ro, ser vi at det klarnar etter ei stund. Kanskje det som trengst er ”å la sjelens bevegede farvann falle til ro, slik at ens eget ansikt kan speile seg i det.” ?

Men er ikkje dette litt for enkelt? I naturen ser vi at alt liv **treng ro til å vekse og tid til å modnast**. Men å halde fast på det i våre eigne liv kan vere litt av ei tålmodsprøve, både i tillit til prosessen og i tillit til at Gud arbeider.

Morten Schakenda skriv på Bakeriet i Lom si heimeside:

”Det som er det mest spennende med baking, i forhold til det å lage mat, er at det ikke finnes snarveier ... Gode bakervarer handler nesten alltid om tid, det er prosesser som du i liten grad kan påvirke, og hvis du prøver å påvirke dem, blir som regel resultatet dårligere ... Baking er overraskende mye tenking, og ikke minst å utfordre mytene om at alt må skje raskt. Det er ikke alltid i livet at det er en fordel at ting går fort, og i baking ligger det nesten alltid en kvalitet i at ting går saktere. Eller i hvert fall at vi tillater at en del ting tar den tiden det tar. Det krever ofte at vi må ta stilling til måten vi tenker på. Da handler baking ikke bare om mel og gjær, men om hvordan vi forholder oss til virkeligheten. De blir mye morsommere på den måten.”



Tillate at ting tek den tida det tek – Det blir mykje meir morosamt på den måten! Ja, det er ei viktig veksling mellom å handle og å ”halde fingrane av fatet”. Det blir best resultat når vi gjer det vi skal, og let modninga og veksten få den avgjeraende tida og varmen som trengst. Eller som Paulus sa det i første brevet han skreiv til Korintarane: Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst. (1. Kor 3,6)

Så la oss forandre haldninga ”Ved å la ting liggje, ordnar mykje seg av seg sjølv”, til ”Ved å leggje ting bort, ordnar mykje seg av seg sjølv!”

Med ønske om dagar fylte med lukta av godt bakverk og kanskje eit glas potetmjøl på kjøkkenbordet....


Anne-Karin Apalseth



Fra Synnøve prest



Kjære lesere av kyrkjebladet i Lom kyrkjekommune!



Lom, Garmo og Bøverdalen har skrevet seg inn i mitt liv med tydelige og sterke toner, tanker og spor... Det er som om jeg bærer et merke i meg og med meg, signert dere og Lom kommune.

Det betyr veldig mye for meg å ta vare på denne innskriften i livet mitt.

Å reise fra Lom etter 3-4 år kjennes egentlig for tidlig. Jeg er vel på plass på Rena nå. Men vemoget sitter i kroppen.

Vi var så godt i gang, med kulturkirke-prosjekt, med livet i kirkene og i forbifarten, i det fri, over alt.

Jeg fikk utfolde videre tenkemåter omkring kirke, folk, forskjeller og likheter på en særlig god måte i Lom.

At "Jotunheimens døtre" og Maria som symbol, bilde, arv og mulighet også er en del av Lom kirkecommune, var en ekstra rikdom for meg, siden jeg forsker på feminine bilder av det hellige hos "kirkefader" Nikolai Frederik Severin Grundtvig (1783-1872), og ønsker fornyelse i kirken omkring det hellige i relasjoner, ikke minst mellom kvinner, menn, barn, unge og gamle.

At min interesse for radikal (gjestfri og nyskapende!) dialog mellom ulike livssyn og religioner fikk næring her, var vesentlig for min trivsel.

At samarbeid med kirkelig ansatte og råd var svært godt, betyddet alt.

At gravferdshjelpa i Lom er et under av kunnskap og klokskap er et privilegium for en prest.

Takk, gode venner!

Først og sist er jeg uendelig takknemlig for tilliten hos alle som kom med sine døde, og sine nyfødte for å bli velsignet i et evig lys.

Takk til barnehagebarn som ville ha dokkedåp, solfest i kirka, som gikk Lucia og bygde kirkemodeller, og takk til skolebarn som ville ha læringsvandringer!

Takk til konfirmanter som spilte på lag, koste seg på leir og utfordret.

Jeg glemmer ALDRI de 90 rosene dere ga meg på avskjedsdagen! Nå er de tørket og pynter kjøkkenet i min nye prestebolig på Rena.

Takk til dere som lot meg feire kjærlighetens største høydepunkt sammen med mange: vielse. Bildet (over) er forresten fra en vielse på fjellet Kyrkja. Jeg skal vie enda et par på Kyrkja til sommeren.

Lom kommune og folk flest: Takk for ulike blikk på livet og prat i forbifarten, for samarbeid, nysjerrighet, og innsatsvilje fra uendelig mange frivillige!

Takk for skjeltreko fra kommunen! Den henger midt i stua mi! Takk for stor, vakker akvarell av prestegården på avskjedsdagen!

Jeg var visstnok den 50. prest i Lom; og første kvinne i fast stilling

TAKK FOR MEG! LEV VEL! - i et evig lys.

Hilsen Synnøve prest - for alltid med det *gjestfrie og nyskapande Lom* preget i hjertet mitt.

Ta vel imot konfirmantane som går med bøsser i Bøverdalen, Garmo og Lom mandag 7. april!

Kirkens Nødhjelp er der i katastrofen og treng deg!

Vert du med på fasteaksjonen, hjelper du til at folk kan reise seg og få betre liv.

På same måten som Kirkens Nødhjelp treng Wejdan, som jobbar med traumatiserte born frå Syria, treng organisasjonen at du gjev tid og pengar, og brukar stemma di for å skape forandring.

Står saman

Kirkens Nødhjelp jobbar for at så mange som råd skal få sjansen til å overleve katastrofar. Krigsflyktningar frå Syria er ein del av dei du støttar ved å delta i fasteaksjonen. Då står du saman med Wejdan Jarrah i arbeidet hennar med å gje syriske flyktningar håp i ein desperat situasjon. Wejdan er spesialist på å møte folk som har opplevd grufulle ting:

- Her i Zataari har alt for mange opplevd å sjå søskjen og foreldre bli drepne på bestialsk



vis framfor augo deira. Viss eg kan bidra til at dei i det minste ser håp om ei betre framtid, har eg den mest meiningsfulle jobben i verda, seier 32-åringen som er frå byen Ibrid i Jordan, og har master i psykososialt arbeid.

- Innan fagfeltet mitt kallar vi arbeidet vi utfører for psykososial førstehjelp. Det er akkurat det det er; mange treng naudhjelp også psykisk. Mange hadde hatt bruk for individuell hjelpt vidare, men vi har ikkje meir kapasitet enn det vi har, seier Wejdan.

Godt å gjere noko

Fasteaksjonen er eit høve for oss i Noreg til å gjere noko konkret med alt det vonde vi høyrer om i nyhenda. Vi kan bidra. Det vi gjer, tel for at hjelpa skal nå flest mogleg.



- Noko av det beste med fasteaksjonen, som kjem kvart år, er at vi kan gje kyrkjelyden ei konkret oppgåve som respons på lidinga vi ser i verda. Det er sunt for alle aldersgrupper, og gjer oss som kyrkje truverdig. Vi seier ikkje berre kor ille det er, men vi gjev høve til å handle, seier prest Elisabeth Kristiansen frå Lørenskog.

Pengane vi samlar inn til årets aksjon, går som vanleg til heile Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Akkurat no går det føre seg eit stort arbeid for syriske flyktningar. Dei får reint vatn og trygge sanitære forhold, i tillegg til at anna naudhjelpsarbeid vert utført i samarbeid med kyrklege partnarar, som blant anna Det Lutherske Verds forbundet.

Men Kirkens Nødhjelp arbeider også med å setje i stand att bygg og klimaførebyggjande tiltak på Filippinene. Pengane som kjem inn i fasteaksjonen, gjer det mogleg å handle raskt i katastrofar, som etter tyfonen på Filippinene.

Generalsekretær i Kirkens Nødhjelp Anne-Marie Helland ønskjer å rette ei stor takk til alle kyrkjelydane landet rundt som deltek, alle friviljuge som går med bøsse og alle som gjev pengar:

- De utgjer ein skilnad, og eg er stolt og imponert over at så mange blir med på denne dugnaden for rettferd. Innsatsen dykkar gjer det mogleg for oss å vera til stades i katastrofen, seier Helland.



KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 6.– 8. APRIL

Vi møter kvardagsheltar, som Wejdan, i Kirkens Nødhjelps prosjekt over heile verda. Støtta frå norske kyrkjelydar gjer at forbilda får høve til å skape verkeleg og varig endring. For seg sjølv, for andre og for kvarandre.

Det er kyrkjelydar landet rundt som står for gjennomføringa av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Bøverdalen, Garmo og Lom kyrkjelyd arrangerer aksjon 7.april og treng bøsseberarar. Ta kontakt med kyrkjemkontoret dersom du vil vere med.

Pengane som kjem inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.

Støtt aksjonen direkte ved å:

- Nyte kontonummer **1594 22 87493**
- Sende **GAVE** på sms til **2468** (200 kroner)
- Ringje gjevartelefon **820 44 088** (200 kroner)

For 200 kroner kan du gje eit menneske sikker tilgang til reint vatn!



**S A N D O M**

Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde. (Joh 12,24).
Eitt av dei nye symbola i ka-



pellet på Sandom Retreatsenter er kveitekornet. I stilla er det godt å tenkje på Jesus, som vart kveitekornet for oss alle, og følgje Han på veg mot krossen. Vi planlegg ein stille sundagskveld før påske, men kjem attende til tidspunkt seinare. Om du ynskjer ei personleg samtale eller forbøn, er du òg velkommen til å ta kontakt!

- 03.-09.03:** Stille som spirande kveitekorn. (Taus retreat med tilbod om åndeleg rettleiing. Bli med så mange dagar du vil.)
12.-16.03: ...når fjellet ropar - stilt og kvitt (Klassisk sandomretreat med skiturar.)
11.-15.04: Eit vindauge mot aust. (Palmeretreat inspirert av japansk kunst.)
16.-21.04: Påskeretreat. (Vi følgjer Jesus på veg til krossen, - og feirar at han stod opp!)

Med helsing oss på Sandom

Tlf. 61 21 27 45

www.sandom.no



LomBarneklang

er aktive som aldri før. I vinter har det vore seks trufaste jenter som har øvd annankvar tysdag på kyrkjelydshuset. Vi har god plass til fleire, - både guitar og jenter, så berre ta kontakt om du har lyst til å syngje saman med oss!

Fyrste sundag i advent deltok vi på adventsmessa i Lomskyrkja før vi var med på fakkeltog og tenning av julegrana på Bergom. På Lom Helseheim sitt julebord stilte dei ivrige songfuglane opp og gledde bebuarar, gjestar og personale med vakker julesong både i storstova og på Fredly. Og om kvelden den 20.desember var Lom Barneklang med og song inn jula i Lomskyrkja.

Da Lomsbygda tok avskil med vår kjære Synnøve prest no i slutten av januar var Lom Barneklang ein sjølvsagt del av programmet både under messa og på kyrkjekaffien etterpå. Vidare utover våren er planen å delta på messe både i Bøverdalens og i Garmo. Det har også kome ynskje fra Helseheimen om fleire besøk av denne friske gjengen.

Det er Terje Blakarstugun og underteikna som er så heldige å få øve og opptre saman med Barneklangen. I tillegg har vi fått med oss to snille og hjelpsame damer som byter på å gjere klart til mat når vi kjem svoltne på øving rett frå skulen.

Ein stor takk til Bjørg Øyøygard og Sølv Nilsen for god og triveleg hjelp!

Randi G. Bakke



Kunngjeringar



Aktivitetar Lom Friviljugsentral:

Annankvar måndag kl. 11:00 (10.mars, 24.mars, 7.april, 5.mai og 19.mai) er det strikkegruppe, ta med deg handarbeid. Kaffispleis. Velkomne!

Annankvar onsdag er det småbarnstreff kl. 11:00 (5.mars, 19.mars, 2.april, 23.april, 7.mai, 21.mai, 4.juni og 18.juni.) Dei som ynskjer å ta ein trilletur før treffen, møtest utanfor Friviljugsentralen kl. 10:00. Velkomne!

Kvar torsdag er det stavgang kl. 11:00 (går frå Loar) og dametrim i Utgard kl. 11:00. Felles lunsj på Friviljugsentralen etter trimmen. Velkomne!

Dametrimmen arrangerer turar vår og haust. Har du spørsmål kring trimmen, ta kontakt med Anne Marstein eller Ella Hoel.

Fredagstreff kvar fredag kl. 10:30. Den fyrste fredagen i månaden er Lom Hørsellag til stades. Informasjon og sal av batteri. Den andre fredagen i månaden er det høgtlesing. Den tredje fredagen i månaden er det underhaldning ved Musikk- og Kulturskulen. Den fjerde fredagen i månaden er «Bue» frå Vågå og syner små hjelpe middel. Treng du skyss til treffdagen, ring Friviljugsentralen tlf. 996 938 47. Velkomne til treffdag!

Friviljuge hjelparar:

Friviljugsentralen har bortimot 90 hjelparar, men treng fleire på «laget». Om du kan tenkje deg å vera med og gjera ein innsats på fredagstreffene, småbarnstreffen, besöksteneste på Helseheimen el. sjåfør, ta deg ein tur innom sentralen på ein kaffikopp og ein prat med dagleg leiar. Betalinga du får er å hjelpe medmenneske og å treffe mange spanande, flinke friviljuge.



Tur til Kusletta. Foto: Anne Marstein.



Kunngjeringar



Ungdom:

Som ei innleiing til konfirmanttida, er neste års konfirmantar årleg på leir på Nordfjord Folkehøgskule i Gloppe. Dette er i år lagt til 23.-27.juni.

Det er høve for eldre ungdomar å vere med som ungdomsleiarar. Om de melder dykk til å vere med på dette vil de få ei aktivitetsrik veke, som i tillegg kan vere god å ha på ein CV seinare. Leiatrenings kan kome godt med seinare! Ta kontakt med Gunn Berit om du ynskjer å melde deg på eller veta meir.

Friviljuge:

Ynskjer du å hjelpe oss som sjåfør, tekstlesar og/eller kyrkjevert i samband med gudstenestene?

Lom og Skjåk samarbeider slik at det kvar helg skal vere tilbod om messe i minst ein av kommunane. Vi treng av og til sjåførar, då folk gjerne ynskjer å kome til gudsteneste, men treng skyss bort og heim.

Vi har ei liste over trufaste hjelparar som stiller seg disponible som tekstlesarar og kyrkjevertar under gudstenestene. Dette er vi svært takksame for, og det er det plass til fleire! Med fleire namn på listene kan vi fordele dette enda meir jamt. Så om du ynskjer å hjelpe oss med ei gudsteneste eller to gjennom året, er vi glade for det. Dette gjeld både Bøverdalen, Garmo og Lom.

Kontakt kyrkjekontoret om du ynskjer å hjelpe oss, eller om du vil veta meir om oppgåvane.

Dugnad og planting:

- Raking i Lom tysdag 29.april kl. 18:00
 - Raking i Garmo tysdag 6.mai kl. 18:00
 - Raking i Bøverdalen tysdag 13.mai kl. 18:00
- Konfirmantane er oppmoda om å ta del i dugnadene!*

- Planting i Lom onsdag 4.juni kl. 18:00
- Planting i Garmo torsdag 5.juni kl. 18:00
- Planting i Bøverdalen torsdag 12.juni kl. 18:00

Det er ikkje høve til å forsyne seg med blomar frå blomefondet før klokka 18:00.

Det er tenkt ei hovudplante og to kantplanter per gravstad, så det er nok til alle.

Etter kaffien, oppmodar vi alle til å vere med og plante der dette ikkje er gjort.

Som eit ledd innan trusopplæringa, inviterer vi 4-åringane kvart år til å kome og så frø. Dette vil vi gjere i samband med plantinga i Lom 4.juni. Alle 4-åringar i Bøverdalen, Garmo og Lom sokn vil få brev om dette i løpet av mai.

Velkomne til trivelege dugnadsdagar!



KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sagrusten

Når feil vert ein vane.... som gneg på forholdet

Hjernen vår er bygd slik at det vi gjer, gjer vi gjerne om att. Di fleire gonger vi gjentek oss sjøve, di lettare vert det å halde fram slik. I 17.maikomiteen for fleire år sidan sat vi der usikre nesten alle om kva som skulle gjerast. Heldigvis kom ein frå fjarårets komité med ei liste over kva som var gjort før og tryggleiken vår var berge. Vi kunne ta opp att opplegget frå året før.



Også i parforhold er det tryggare og sikrare å gjere om att det vi har gjort før. For di tryggleiken ligg i gjentakinga. Det vi har sett før, har vi lært oss å leve med på ein måte, sjølv om det ikkje er så bra. Vi har laga oss ein vane som kanskje ingen likar, men vi er vande til den. Surleik, generell pessimisme, lite tiltru, halde følelsane og tankane våre for oss sjøve, ikkje prøve på noko, vente til den andre tek initiativ, "gløyme" det som er viktig for andre – lista kan vere lang. Men felles for slike negative vanar er at dei skaper skuffelsar og etter kvart resignasjon, og til slutt vert det grått og kjedeleg oss imellom. Det skjer ikkje noko, og vi ventar ikkje noko. Det skal mange gode opplevelingar til for å vege opp dette. Og plutseleg kan vi kjenne at forholdet er på minus. Vi byrjar å vemmast i nærleiken av den andre, vi misliker nesten alt og sluttar å tenkje vi og oss, men heller eg og mitt. Det vi gler oss over, er andre ting, eller andre personar, meir enn partnaren. Faren for å byggje opp negative tankar om den andre, eller falle i andre sine armar, vert større.

Kva skal du gjere?

Riv dykk laus frå negative vanar (kanskje det å ikkje prate om forholdet?) og spør kvarandre: korleis har vi det? Kva har vi lyst til å endre oss og samspelet imellom? Båe kan spørje seg sjølv: kva kan eg bidra med slik at vi får det slik vi ynskjer? Kva treng eg å gjere? Altså eit årsmøte i parforholdet! Våg det før mange gode kjensler er borte. Det er viktig.

Geir Vik



FRÅ BARNEMUNN:

Sigurd, 9 år: «I de 10 bud står det at man skal ta seg sammen. De er skrevet av epistlene»
Jacob, 7 år: «Jeg tror ikke Gud er død. Han er kanskje skinndød, men det er bare på overflaten»

*Sitata frå barnemunn er denne gongen henta frå boka «I Afrika er snøen svart» av Unni Lindell.
Har du høyrt eller erfart noko sjølv, set vi stor pris på lokale historier!*



Kunngjeringar



OFFER 2013

13.01.13.	i Lom kyrkje, til eige arbeid i kyrkjelyden,	1 201,-
27.01.13.	i Garmo kyrkje, til Misjon utan grenser,	858,-
03.02.13.	i Lom kyrkje, til Trusopplæringa,	831,-
17.02.13.	i Bøverdal kyrkje, til Trusopplæringa,	901,-
01.03.13.	Kvinnenens internasjonale bønnedag, til Bibelselskapet Esterprosjektet,	750,-
24.03.13.	i Lom kyrkje til Familevernkontoret Otta,	1 653,-
31.03.13.	i Garmo kyrkje til Konfirmantarbeidet,	1 005,-
02.04.13.	i Bøverdalen kyrkje til lokalt arbeid: Jubileumsbok Bøverdal,	1 457,-
14.04.13.	i Lom kyrkje, til eige arbeid i kyrkjelyden,	1 221,-
05.05.13.	i Lom kyrkje, til Konfirmantarbeidet,	1 382,-
17.05.13.	i Garmo til Kirkens Nødhjelp,	1 440,-
17.05.13.	i Lom kyrkje til Kirkens Nødhjelp,	2 753,-
17.05.13.	i Bøverdal kyrkje til Kirkens Nødhjelp,	1 754,-
19.05.13.	i Lom kyrkje til Konfirmantarbeidet,	2 636,-
20.05.13.	på Sandom Retreatsenter, til Sandomstiftelsen	1 300,-
26.05.13.	i Garmo kyrkje, til Konfirmantarbeidet,	1 662,-
02.06.13.	i Bøverdalen kyrkje, til konfirmantarbeidet	1 264,-
14.07.13.	i Medalen Bedehus: lokalt, til Medalen Bedehus:	530,-
11.08.13.	i Garmo kyrkje, til eige arbeid, konfirmantjubileet,	1 604,-
08.09.13.	i Garmo kyrkje: lokalt arbeid, Trusopplæringa:	1 204,-
15.09.13.	i Bøverdalen kyrkje: lokalt arbeid, Trusopplæringa:	951,-
22.09.13.	i Lom kyrkje: lokalt arbeid, Trusopplæringa:	1 411,-
20.10.13.	i Lom kyrkje: TV-aksjonen 2013: Nasjonalforeningen for folkehelse	2 827,-
27.10.13.	i Garmo kyrkje: FN-veteranane	1 081,-
08.12.13.	i Garmo kyrkje: til Sandomstiftingen:	670,-
15.12.13.	i Bøverdalen kyrkje: lokalt arbeid: til bok om Bøverdalskyrkja:	1 110,-
24.12.13.	i Lom kyrkje: til Redd Barna	8 968,-
25.12.13.	i Garmo kyrkje: til Misjonsalliansen	837,-
26.12.13.	i Bøverdalen kyrkje: til Misjonsalliansen	1 768,-
	Sum eige arbeid	19 840,-
	Sum lokale føremål	2 500,-
	Sum andre	24 689,-

Takk:

Vi vil rette ein stor takk til Jan Magne Rusten for juletrea i kyrkjene våre!



LOM KYRKJEMMUNE ☎

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA** på Midtgard månd. – fred.kl. 10:00 - 14:00

Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.

Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Steinar Angard, tlf. 61 21 12 36

SOKNEPREST

Vi ventar på ny sokneprest, og i skrivande stund er Øyvind Mæland vikar.

Han har kontor på Otta, tlf. 61 20 90 51

Privat: 94 88 68 26

e-post: oyvind.maeland@sel.kirken.no

KYRKJEVERJE

Borghild Skarelven, tlf. 61 21 73 38

e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39

e-post: kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR Lom kyrkje

Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR Lom kyrkje og Garmo kyrkje

Jonas Fjeld

tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00

tlf. Garmo kyrkje, 61 21 24 37

e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

KYRKJETENAR Bøverdalen kyrkje

Sigurd Stenersen, tlf. 948 24 780

tlf. Bøverdalen kyrkje, 61 21 20 27

BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA, tlf. 61 21 73 38

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

SIDEOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50

e-post: lasse@dg-trykk.no

www.dg-trykk.no

Kyrkjelydstur

Ny kyrkjelydstur er under planlegging! Denne vil vere i fyrste halvdel av juni. Vi kjem attende med turmål, program og nærmere opplysningar.



Kunngjeringar



Heim og ætt

GARMO

16.02: Even Einbu Bruøygard

LOM

01.12: Aksel Veggum Kjæstad
01.12: Mari Soglo Fosstuen
05.01: Estin Solheim Lyngved
05.01: Hallvard Barkenæs Eggen, Asker
09.03: Jakop Haugen



BØVERDALEN

06.12: Osvald Lund, f. 1929

GARMO

20.12: Eiliv Nyøygard, f. 1917

LOM

17.01: Embjørg Marstein, f. 1933
04.02: Helge Teigen, f. 1964
07.02: Kjell Reidar Mallaug, f. 1944
14.02: Mary Nyhus, f. 1939

Blomefondet:

Vi er svært takksame for at det er høve til å gje på blomefondet på butikkane Coop Mega i Lom og Coop Marknad i Bøverdalens. Det er også slik at det har vore høve til å ringje og skrive seg på lista, for å betale ved neste høve i butikkane. No er det derre slik betalinga stundom vert gløymt. Vi finn det difor naudsynt at alle gåver til blomefondet gjennom butikkane vert betalte med ein gong, og at det såleis ikkje er høve til å ringje for dette lenger. Det er framleis høve til å betale via kontonummer 2085.07.11772.

Prestane sin vakttelefon i Nord-Gudbrandsdal

VAKTNUMMER 414 81 457

Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00

Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00

**Stoff-frist for neste kyrkjeblad er
1. mai 2014**

Gudstenesteplan

Frå 2014 er det eit mål at det kvar veke skal vere gudsteneste anten i Lom eller Skjåk

Sundag 02.03.2014

NORDBERG KYRKJE kl. 18:00

Fastelavnssundag

Fastelavnssundag i Nordberg kyrkje

Onsdag 05.03.2014

FRIVILJUGSENTRALEN
I SKJÅK kl. 12:00

Oskeonsdag

Høgstdagsbøn v/ Øyvind Mæland

NORDBERG KYRKJE kl. 18:00

Oskeonsdagsmesse

Sundag 09.03.2014

LOM KYRKJE kl. 11:00

1. sundag i fastetida

Solmesse, barnedåp

Sundag 16.03.2014

GARMO KYRKJE kl. 1100

2. sundag i fastetida

Solmesse

Onsdag 19.03.2014

LOM HELSEHEIM kl. 1100

Andakt v/ Kåre Gloslie

Sundag 23.03.2014

SKJÅK KYRKJE kl. 1800

Maria Bodskapsdag

Marimesse

Torsdag 27.03.2014

SKJÅKHEIMEN kl. 1200

Andakt v/ Kåre Gloslie

Sundag 30.03.2014

BØVERDALEN KYRKJE kl. 1100 Gudsteneste

3. sundag i fastetida

FRIVILJUGSENTRALEN
I SKJÅK kl. 1200

Høgstdagsbøn v/ Øyvind Mæland

Sundag 06.04.2014

LOM KYRKJE kl. 1100

4. sundag i fastetida

Gudsteneste

Laurdag 12.04.2014

SKJÅKHEIMEN kl. 1200

Påskeandakt v/ Kåre Gloslie

Sundag 13.04.2014

GARMO KYRKJE kl. 1100

Palmesundag

Gudsteneste

BJØRKÅS kl. 1100

Gudsteneste

Torsdag 17.04.2014

LOM HELSEHEIM kl. 1100

Skjærtorsdag

Skjærtorsdagsmesse m/nattverd

SKJÅKHEIMEN kl. 1600

Skjærtorsdagsmesse m/nattverd

BØVERDALEN KYRKJE kl. 1930 Skjærtorsdagsmesse

Fredag 18.04.2014

SKJÅK KYRKJE kl. 1800

Langfredag

Langfredagsmesse.

Laurdag 19.04.2014

LOM KYRKJE kl. 2300

Påskeaftan

Kveldsmesse m/ kunstvandring og Lomsklangen

Sundag 20.04.2014

GARMO KYRKJE kl. 1100

1.påskedag

Påskedagsmesse

NORDBERG KYRKJE kl. 1100

Påskedagsmesse, påskefrukost

Onsdag 23.04.2014

LOM HELSEHEIM kl. 1100

Andakt v/ Øyvind Mæland

Torsdag 24.04.2014

SKJÅKHEIMEN kl. 1200

Andakt v/ Kåre Gloslie

*Vi tek etterhald om endringer. Sjå også annonse i Fjuken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune:
<https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>*



Åvskilsmesse 26. januar




Synnøve Prest takka for seg som prest i Lom kyrkjekommune med salmen på framsida av dette nummeret. «Jeg synger meg en blå salme» vart ei gave frå henne til kyrkjelyden, og ho song den til slutt i sine siste gudstenester både i Bøverdalen, Garmo og Lom kyrkje.



Sundag 26.januar markerte vi den siste gudstesta hennar i Lomskyrkja, og det vart ein dag med mange kjensler, vakre tonar og gode ord.

Messa vart innleia med prosesjon etter ein taktfull marsj av Lom Juniorspelemannslag. I prosesjonen gjekk det ein fin gjeng med 9-åringar som tok imot kvar sin bibel denne dagen. Vi fekk høyre vakker song av både Barneklangen og Lomsklangen. Sigmund Bråtet, Astrid Botten og Ove Tidemansen stod for kjenslevar tekstslesing. Kjartan Haugen Foss, Rolv Brimi og Steinar Angard gav oss gode musikalske innslag med sine instrument. «Gjendines bådnål», som Synnøve personleg er svært glad i, vart både lesen av Sigmund og spela på kyrkleorgellet av vår eigen gode Terje.



Mange fekk ei tåre i augekroken da døra bak i kyrkja brått opna seg like etter innleiinga av messa. Der kom ein flott gjeng ungdommar frå bygda med totalt 90 roser som dei gav Synnøve. Dette var ungdommar frå dei 4 konfirmantkulla Synnøve har hatt med å gjere som prest i Lom, og symbolikken var ei rose per konfiant gjennom desse åra.



Etter messa var det invitert til Fossberg for sosialt samvær. Sigurd Stenersen leia denne delen med kynig hand. Her vart det song både ved Lomsklangen og Barneklangen, gode ord og gaver til Synnøve. Blant dei som takka, var Lom kommune ved ordføraren, Skjåk kyrkjekommune ved Skjåkpriest Kåre Gloslie, Lom kyrklelege råd, prost Paul Skuland og Torstein K. Garmo.



Vi rundar av med å takke Rena for lånet av Synnøve! Sjølv om vi gjerne skulle lånt ho lengre, veit vi ho vil kome att til oss både som prest og privatperson. Vi ynskjer Synnøve alt godt og lykke til vidare!

